



Arkivnr: 2014/927-23

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.09.2019
Fylkestinget		01.10.2019

Finansrapport 2. tertial 2019

Samandrag

Fylkeskommunen si lånegjeld var 10 625 mill. kr ved utgangen av august. 50,7% av gjelda har rente som er bunden i meir enn eitt år. Fylkeskommunen er lite utsett for renteendringar inneverande år. Men på lengre sikt kan auke i rentenivået bli ei stor utfordring. Gjennomsnittleg rentenivå for låneporteføljen var 2,17 %, mot 2,14 % ved utgangen av første tertial.

Økonomi: Det er venta innsparing på om lag 10 mill. kr i høve til budsjettet.

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Ingen effekt

Regional planstrategi: Ingen verknader

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 2. tertial 2019 til orientering.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Nils Egil Vetlesand
kst. fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.09.2019


Lånegjeld

Likviditeten har vore relativt god så langt i år, m.a. som følge av statstilskot til bybaneutbygging. Det er betalt meir i avdrag enn det er teke opp i nye lån, slik at lånegjelda er 100 mill. kr lågare enn ved starten av året.

	kr 1 000
Lånesaldo 1. januar	10 725 300
Nye låneopptak i 2019	300 000
Avdrag	400 000
Lånesaldo 31. august	10 625 300

Låneporteføljen fordeler seg slik:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 616 000	24,6 %
Obligasjonslån	11	4 765 000	44,9 %
Kommunalbanken/ KLP (langsiktige)	10	3 244 300	30,5 %
Totalt	28	10 625 300	100,0 %



Nye låneopptak dei siste åra har for det meste blitt gjort i form av obligasjonslån. Denne lånetypen utgjer no 44,8 % av samla låneportefølje. Men i 2019 har Kommunalbanken vunne fleire anbudsrundar. Eit obligasjonslån og eit sertifikatlån er blitt refinansiert med lån i Kommunalbanken. 27. august vann Kommunalbanken konkurransen om eit nytt lån i 2019 på 500 mill. kr. Dette lånet vert utbetalt 3 september, og er ikkje med i tala ovanfor.

Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der bankane opptre som mellommenn. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.

Gjeldsgrad

Ved siste årsskifte hadde Hordaland fylkeskommune ein netto gjeldsgrad på 109,4 % av driftsinntektene. Dette var den nest høgaste gjeldsgraden mellom fylkeskommunane. I gjennomsnitt utgjorde netto lånegjeld for fylkeskommunane 75 % av driftsinntektene.

Utvikling i rentenivå

Den kortsiktige pengemarknadsrenta har halde fram med å stige i 2. tertial. I følgje Norges Bank er det sannsynleg med ei ny renteheving i løpet av hausten. Elles i Europa og USA ventar ein no at rentene kan bli sett ned igjen. Dette har påverka dei lange rentene i Noreg, der vi har sett ein fallande tendens i 2. tertial. Gjennomsnittsrenta for fylkeskommunen sin låneportefølje har gått opp frå 2,14 % til 2,17 % i 2. tertial.

Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det bestemt at halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variere mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente:


	30. apr. 2019		31. aug. 2019	
	Lånesaldo	Andel	Lånesaldo	Andel
Lån med rentebinding over 1 år	5 590 000	52,1 %	5 385 000	50,7 %
Lån med flytande rente / rentebinding under 1 år	5 135 300	47,9 %	5 240 300	49,3 %
Totale lån	10 725 300	100,0 %	10 625 300	100,0 %

Ein har definert grensa mellom fast og flytande rente ved 1 år. Ved utgangen av august hadde 50,7 % av låneporteføljen fast rente.

Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Pr. 31. august er bindingstida 1,8 år.


Grafen nedanfor viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. I løpet av 5 år vil alle dagens rentebindingar ha gått ut.



Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjere meir enn 10 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over lån som har forfall kvart år framover.



I løpet av sommaren har ein gjort avtale med Kommunalbanken om å forlengje løpetida for 6 lån på til saman 1,9 mrd. kr. Summen av lån som har forfall dei 4 første åra har dermed gått ned, medan det no er over 2 mrd. i lån som først har forfall 10 år eller meir fram i tid. Nøkkeltalet «kapitalbindingstid» gjekk med dette opp frå ca. 3 år til ca. 5 år.

Pr. 31. august har fylkeskommunen 5 sertifikatlån og 2 kortsiktige lån i Kommunalbanken med sertifikatvilkår. Tre av låna har løpetid på 3 mnd. og fire på 12 mnd. Obligasjonslåna har løpetider frå 3-10 år, medan dei fleste Kommunalbanklåna har løpetid på 10-15 år.

For å avgrense refinansieringsrisikoen, er det viktig å planleggje forfall, slik at ein unngår at mange lån har forfall i løpet av eit kort tidsrom. Nedanfor er vist eit detaljert oversyn over lån som har forfall dei neste 12 månadene. I tillegg til sertifikatlåna, er det 2 langsiktige lån som har forfall.

For sertifikatlåna med 3 mnd. løpetid har ein «rulleringsavtaler» med DNB. Dvs. at banken fornyar låna ved kvart forfall. På denne måten har ein redusert refinansieringsrisikoen til eit minimum. For tida oppnår ein lågare rente på denne måten enn om ein hadde teke opp meir langsiktige lån.

Låneforfall neste 12 måneder:

Dato	Lånetype	Beløp	Kommentar
30.09.2019	Sertifikat 28.06.2019 - 30.09.2019	221 000	Avdrag
14.10.2019	Obligasjonslån FRN 2016/2019	360 000	
25.10.2019	Sertifikat 26.10.2018 - 25.10.2019	350 000	
30.10.2019	Sertifikat 30.07.2019 - 30.10.2019	345 000	Rulleringsavtale
22.11.2019	KBN sertifikatvilkår 23.11.18 - 22.11.19	470 000	
22.11.2019	Sertifikat 22.08.2019 - 22.11.2019	340 000	Rulleringsavtale
13.03.2020	Sertifikat 15.03.2019 - 13.03.2020	390 000	
05.06.2020	KBN sertifikatvilkår 07.06.2019 - 05.06.2020	500 000	
27.08.2020	Obligasjonslån 2015/2020	300 000	
Total		3 276 000	

Likvide midlar

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot og plasseringar ved utgangen av august:

	Apr. 2019	Aug. 2019
Pengemarknadsfond	128 603	128 603
Ordinære bankinnskot	1 539 496	697 653
Skattetrekksmidlar	139 697	146 950
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	442 317	504 982
Sum innskot og fond	2 250 113	1 478 189
Kassabeholdningar	25 019	22 396
Sum likvide midlar	2 275 132	1 500 585

Sum likvide midlar er 1,5 mrd. kr. Summen har gått ned i løpet av 2. tertial, og er no tilbake på det ein kan rekne som eit normalt nivå.

Gjennomsnittleg annualisert avkastning på pengemarknadsfonda har vore 2,1 % så langt i år. Til samanlikning har renta på konsernkontoen vore 1,8 %.

Renterisiko

Slik situasjonen er pr. 31. august, vil endringar i rentenivået gje relativt små utslag for fylkeskommunen første året. Ein har rekna på korleis ein renteauke på 1 % frå 1. september vil slå ut for perioden september 2019 til august 2020. Auken i renteinntekter og rentekompensasjon vil langt på veg motsvare auken i renteutgifter. Netto auke vil bli om lag 5,7 mill. kr.

I tabellen er det også vist korleis ein renteauke på 1 prosentpoeng i år vil slå ut i 2022. Innan den tid vil mange av fastrentelåna ha fått ny rente. Netto renteutgifter vil gå opp med om lag 49 mill. kr. Utrekningane er gjort med same låneportefølje og same innskot som pr. 31.08.2019. I praksis ventar ein at summen av lån vil halde fram med å auke noko. Dermed vil også auken i renteutgifter bli noko høgare.

Verknad av renteauke 1 prosentpoeng	Mill. kr	
	år 1	2022
Renteutgifter	35,0	75,7
Renteinntekter og rentekompensasjon	-29,3	-26,8
Netto	5,7	48,9

Prognose i høve til budsjett

Det ser ut til å gå mot ei innsparing på om lag 10 mill. kr. Det meste av innsparinga kjem på inntektssida. Renteinntektene kan bli om lag 7 mill. kr høgare enn budsjettert, medan renteutgiftene vil bli om lag 3 mill. kr lågare.

Som vedlegg til saka følgjer ein rapport utarbeidd av Bergen Capital Management. Her finn ein meir detaljopplysningar, m.a. ei opplisting av alle fylkeskommunen sine lån med gjeldande rentesatsar.